

Offentleg mynde
Berørte partar
Øvrige

05.05.2023

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR NAUSTOMRÅDE SOLLIA, GNR/BNR 121/3 M.FL PÅ SAKSEID, PLANID 202301


På vegne av grunneigar Jarle Onarheim sender me med dette varsel om oppstart av detaljreguleringsarbeid av ovannemnde område ved Sollia, Finnås i Bømlo kommune.

I gjeldande kommuneplan er området i hovudsak disponert til noverande andre typar bebyggelse og anlegg (naust) samt noverande boligbebyggelse. Ein søker å planlegga detaljregulering av område for utbygging av naust med tilhøyrande infrastruktur samt parkeringsareal. Det vert vurdert å inkludera forslagsstillars eksisterande bustadhus (121/3).

I kommuneplanen sine føresegrer § 3.1.3 vert det stilt krav til detaljregulering for område der det er plass til meir enn 4 naust i rekkje, og det er på denne bakgrunn at ein ynskjer oppstart av detaljregulering av området.



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel



Planområdet med avgrensning

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 5 nye naust. 1 av desse er erstatning for eksisterande naust som er planlagt rive. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkering, kai, flytebrygger og småbåtanlegg i sjø og grøntområde.

Eksisterande bebyggelse

Innanfor det aktuelle naustområdet er det i dag 1 eksisterande naust som er tenkt rive, 1 kai og 3 flytebrygger. I tillegg er det utanfor naustområdet 2 bustadhus, 1 garasje og 1 uthus.

Innspel, merknadar og kommentarar ønskes tilsendt innan 09.08.2023 til:

Planlegg Bømlo as, Fylkesnesvegen 31, 5430 Bremnes, eller på e-post til post@planleggbomlo.no

Meir informasjon kan finnast på www.planleggbomlo.no

Med beste helsing



Vidar Onarheim
Planlegg Bømlo as
M: 469 20 337

*Vedlegg: -Vedtak om oppstart av detaljregulering, Bømlo kommune
 -Referat frå oppstartsmøte*